

[sfv|post@statsforvalteren.no](mailto:sfv|post@statsforvalteren.no)

Førde, 17.10.2022

Dette brevet er sendt på vegne av Naturvernforbundet Sogn og Fjordane, Birdlife Sogn og Fjordane, Jeger og Fisk Sogn og Fjordane, Sognefjorden Vel og DNT Sogn og Fjordane.

## Fråsegn til Søknad om løyve etter forureiningsforskrifta frå Engebø Rutile and Garnet AS for tiltak i sjø ved Engebø

Saksnr. 2022/11351

*FNF Sogn og Fjordane er eit samarbeidsforum for natur- og friluftsansjasjonar i Sogn og Fjordane, som arbeider for å ta vare på natur- og friluftsansjessene i fylket. Per i dag er det 12 organisasjonar tilslutta FNF Sogn og Fjordane. Organisasjonane representerer rundt 19.000 medlem i fylket.*

### Bakgrunn for saka

Nordic Rutile AS søker Statsforvaltaren i Vestland om løyve etter forureiningslova til tiltak i sjø ved gards- og bruksnummer 431/3, 431/6 og 431/10 på Engebø i Sunnfjord kommune. Dei tiltaka det er søkt om omfattar sprenging i sjø av ca. 1 300 m<sup>3</sup> innanfor eit areal på ca. 215 m<sup>2</sup> for å ferdigstille eit blandekammer i samband med etablering av prosesseringsanlegget på eigeiomen. Dei utsprengde massane skal nyttast til å planere ut ei flate under vatn som skal brukast til avgangssystemet til Engebøprosjektet. Tidsperiode for planlagt gjennomføring av tiltaket er frå november 2023 til desember 2023.



## FNF Sogn og Fjordane meiner at

- det er naudsynt med utsett søknadshandsaming til avklart rettsprosess, vedrørende utsepp i Førdefjorden er lovleg og gyldig.
- dersom Statsforvaltaren likevel skulle sjå bort frå vår klare oppfordring, må verknad av det eventuelle tiltaket utsettast, til rettsprosess er avklart, og fordi det i tida framover, frå i desember begynner å trekke gytetorsk inn på Redalsvikane like ved tiltaket, då dette er eit tiltak med potensielt store miljøkonsekvensar i ein rein og artsrik fjord, også nasjonal laksefjord, men ikkje er til vesentleg ulempe for selskapet. Dersom tiltaket vert sett i verk vil det vere forureining i fjorden i lang tid framover.
- Statsforvaltaren må stille krav, for å handsame søknaden om dette tiltaket, om full konsekvensutgreiing vedr artar og biologisk mangfald i fjorden, samt av minst skadelege tekniske metodar og gjennomføring
- Statsforvaltaren ikkje stiller dei nødvendige krava for at omfattande forureining ikkje kjem i og sprer seg i sjøen og meiner vilkåret til å gje løyve etter forureiningslova ikkje er til stades.
- det er ikkje tilstrekkeleg å vurdere denne søknaden åleine. Det føreligg ein reguleringsplan for heile industriområdet, og dette tillegget må sjåast i samanheng med den totale utbygginga som er regulert i reguleringsplan for området, og dei andre søknadane om tiltak i sjø som har kome etter reguleringsplanen var ferdigstilt.
- for å få eit riktig bilete av det totale land- og sjøarealet som blir forringa ved denne utbygginga, må ein hugse på at dette tiltaket er ein del av eit mykje større industriarbeid og eit akkumulert press på fjordøkosystemet. FNF stiller derfor spørsmål ved at ein kan stadig søke om nye tiltak på eit område som allereie har ein reguleringsplan.
- Utfylling i sjø og utbygging i strandsone er i utgangspunktet forbode<sup>4</sup> fordi «sedimenter i seg sjølve kan føre til negative konsekvensar for miljøet ved at organismar i sjøen, inkludert fisken, slammast ned». Er massane i tillegg forureina, vil dei forårsake ytterlegare skade på livet i sjøen. Forureina partiklar blir tatt opp og akkumulerer i næringskjedene. Dette kan få alvorlege konsekvensar for organismane som lever i fjorden og påfølgjande negative konsekvensar for fiskenæringa i fjorden.
- Arealrapport i strandsone/fjæra i fjorden er svært viktige habitat for fiskeyngel, og særskilt småtorsk og bør derfor tas spesielt vare på. Det bør særskilt takast omsyn til i vurderinga av denne søknaden.
- Det bør òg, i verste fall, presenterast ein plan for restaurering av strandsonehabitatet ref. målet Noreg har om å restaurere 15% av øydelagt natur innan 2025 etter tiltak.
- Det er ikkje tilstrekkeleg kartlagd eller tatt omsyn til- naturverdiar og konsekvensane av arealrapport, tap av habitat i strandsone/fjæra for fjordøkosystemet i sin heilheit.
- Det totale og reelle omfanget av sprenging og mudring er ikkje tilstrekkeleg lagt fram i søknaden
- Det må tas til følge at torsken som gyter i Førdefjorden har forskjellige livsstadie og kvart stadie har ulike behov for habitat og matkjelder. Yngel og småtorsk lever ikkje i den frie vassøyla i fjorden, men i habitat langs strandsona/fjæra der dei finn ly, beskyttelse og mat.
- FNF meiner avbøtande tiltak ved siltgardin mot forureining til fjordmiljøet av plast / mikroplast, steinstøv og kjemikalar er utilstrekkeleg, at fjordmiljøet kan bli skada og vil særleg peike på gyteplass for kysttorsk nær ved tiltaket.

## Fråsegn

FNF Sogn og Fjordane ynskjer først å takke for moglegheita til å komme med fråsegn til saka. Vi set stor pris på at vi får denne moglegheita. Området der det søkjast om til i sjø ligg like ved der sjødeponiet skal leggjast i fjorden. Vi stiller oss svært negative til at Nordic Rutil AS har planer om å sprengje ut støre areal i sjø i eit allereie svært pressa område, og at dette er tiltak som ikkje er inkludert i reguleringsplanen for Engebø.

## Rettsak mellom Naturvernforbundet, NU og staten

FNF meiner søknaden ikkje kan handsamast, grunna pågåande rettsprosess, der Naturvernforbundet og Natur og Ungdom har saksøkt staten for å få kjent utsleppsløyvet til Førdefjorden ugyldig. Omsøkte gjeld nettopp arbeid for å gjennomføre utslepp til Førdefjorden og utgjjer i seg sjølv irreversibel skade på natur og fjordmiljøet, eit stort og vesentleg inngrep med stort skadepotensiale.

Det vil stride mot både lovverk og allmenn rettskjensle og tillit, dersom objektet det står rettssak om, Førdefjorden, vert øydelagt eller skadd medan lovspørsmålet om utsleppsløyvet er lovleg, er til handsaming i rettssystemet vårt. Den demokratiske retten til å reise søksmålet kan ende med dom som tilseier at utsleppet er ulovleg og at dette tiltaket ikkje skulle vire utført. Det må unngåast at Førdefjorden i mellomtida vert påført uoppretteleg skade.

Det kan også nemnast at det kjem rettssak i Høgsterett i januar 2024 om grunnleggande mineralrettar i Engebøfjellet, mellom AMR og Nordic Mining, som også kan påverke om det vert mineralutvinning og med dumping av gruveavfallet i Førdefjorden.

## Habilitet

Vi meiner saka ikkje kan handsamast før habilitetssak vedrørande tidlegare statsminister Erna Solberg opp mot Nordic Mining er avklart, der ektefellen sine kjøp av aksjar i Nordic Mining vert opplyst å vere ei av 6 problematiske saker. Sakskomplekset her kan ha konsekvensar for om utsleppsløyvet gjeve av Solbergregjeringa er gyldig.

## Ein søknad – del av eit mykje større bilete

I søknaden om mudring står det at det

*«Gjennom diskusjonar med Statsforvaltaren og med fagkompetanse i Sweco er det konkludert med at risikoen for spreiding av miljøgifter i samband med sprengning, mudring og dumping for dette tiltaket er låg. I tillegg er tiltaket relativt lite, og arealmessig er lagt godt innanfor kategorien «lite tiltak» (under 1000 kvadratmeter) Utfyllande vurdering av dette finnast i Notat – Vurdering av forurensing ved Engebø (Sweco, 202)<sup>6</sup>.»*

Forum for natur og friluftsliv meina at det ikkje er tilstrekkeleg at denne søknaden blir vurdert åleine, utan samanheng med resten av det råka området langs i strandsona/fjæra på Engebø. For å vite kor mykje areal i sjø som faktisk, totalt sett blir råka av denne utbygginga, er det rart å skulle behandle alle tiltak kvar for seg.

Vi viser til Naturmangfaldlova §10 som krev vurdering av samla belastning av tiltak, altså ikkje dele opp i bitar:

*«En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for.»*

På generelt grunnlag er dumping og utfylling i sjø i utgangspunktet forbode. Dette fordi «sedimenter i seg sjølve kan føre til negative konsekvensar for miljøet ved at organismar i sjøen, inkludert fisken, slammast ned». Er massane i tillegg forureina, vil dei forårsake ytterlegare skade på livet i sjøen. Forureina partiklar blir tatt opp og akkumulerer i næringskjedene. Dette kan få konsekvensar for fiske.

Tiltaka det søkjast om i denne omgangen omfattar sprenging av sjø, c 1300m innafor eit areal i sjø på 215m – i strandsona! FNF Sogn og Fjordane og fleire sendte for ikkje lenge sidan eit fråsegn til Nordic Rutile AS sin søknad om utfylling i sjø på Engebø der det skal byggjast kai. Saksnummeret på den saka er det same som for denne saka! Dei same argumenta som var sendt då gjeld også for dette område – då dette ligg rett i nærleiken, både i luftlinje og i type tiltak.

FNF forstår at området er regulert for industri i reguleringsplanen og vi skjønar at det for kvar sak må søkast. Men vi meina systemet ikkje heng heilt på greip når ikkje den totale påverknaden på noko måte blir vurdert, men inngrepa det blir søkt om blir vurdert åleine. Det synes vi blir ei uriktig framstilling av dei totale konsekvensane. Denne søknaden bør derfor sjåast i samheng med førre sak om utfylling i sjø – samt andre inngrep i strandsona/fjæra langa- og i fjorden, og det planlagde deponiområdet på botnen.

FNF meiner at søknaden om løyve til sprenging i sjø strid mot forureiningslova, naturmangfaldlova, ikkje er i tråd med måla i vassrammedirektivet eller avfallhandteringsdirektivet, heller ikkje med nasjonale mål om å redusere plast og mikroplast i sjø / hav og tiltaket representerer brot med mot FN sine berekraftsmål for livet i havet.

#### **FNs bærekraftsmål - regjeringen.no**

##### **14.1:**

Innen 2025 forhindre og i betydelig grad redusere alle former for havforurensning, særlig fra landbasert virksomhet, inkludert marin forurensning og utslipp av næringsstoffer

##### **14.2:**

Innen 2020 forvalte og beskytte økosystemene i havet og langs kysten på en bærekraftig måte for å unngå betydelig skadevirkninger, blant annet ved å styrke økosystemenes motstandsevne og ved å iverksette tiltak for å gjenoppbygge dem, slik at havene kan bli sunne og produktive.

### **Konkrete kommentarar/spørsmål ang søknadens kompatibilitet til den eksisterande Detaljreguleringsplanen for Engebø frå 2020**

FNF stiller spørsmål ved at desse tiltaka (først utfylling i sjø, så denne om tiltak i sjø) ikkje er ein del av reguleringsplanen for område som allereie er behandla. Kvifor er det ikkje det, om det har vore eit naudsynt inngrep og vore i planane om utvinning av mineral frå gruve? Kva konsekvensar gir det at

det ikkje er med i den reguleringsplanen som føreligg for området? Vi meiner det ikkje blir tillatast fordi det ikkje er ein del av godkjent reguleringsplan for området.

Dessuten er biletet i søknaden misvisande. Det er ikkje vist skikkeleg i eit kart så det blir lett å sjå kor dette tiltake høyrer heime i detaljreguleringa. Vi finn likevel at område det søkjast om ligg utforbi Engebøneset og område BKB1, grenser inn i område BKB2 i detaljreguleringa.

I detaljreguleringa står det at: «**0.1.5 Industriområde BAA2 c.** Utfylling av industriområdet med bruk av malmfattig berg skal skje parallelt med mineralutvinning, og i samsvar med løpande produksjonsplanar».

FNF spør statsforvaltarene om denne nye søknaden i tråd med dette?

Som eit generelt krav står det i detaljreguleringsplanen for Engebø at:

**«1. BEBYGGELSE OG ANLEGG (Plan og bygningslova § 12- 5 nr. 1) 1.0** Krav til tiltak – utforming m.m. Søknad om tiltak skal dokumentere optimal utforming med omsyn til landskapsverknad, ved farge- setting og materialbruk. – Det skal ligge føre visualisering og fagleg grunngeving for valt fasadeuttrykk. – Det skal dokumenterast bevisst bruk av lyssetting, også for å unngå uheldig fjernverknad. – Det skal dokumenterast optimale arrangement for utslepp frå vifter mm., for minimering av støy og støv. – Krava gjeld for alle byggeområde, så langt det passar»

Det står også at

**«1.2 Område for gruvedrift, BRU (1200 – Råstoffutvinning – regulering under bakken)** *Gruvedrift skal gå føre seg innafor området som er vist på plankartet. Før start av gruvedrifta, skal konsesjon vere gjeve av Direktoratet for mineralforvaltning. Drifta i gruva skal vere i samsvar med den til kvar tid gjeldande driftskonsesjonen frå Direktoratet for mineralforvaltning.»*

Her stiller FNF spørsmål ved at dette tiltaket er ein del av det området som i planartet i detaljreguleringa er vedtatt. Siden det ikkje er det, bør det ikkje inn i den eksisterande reguleringsplanen eller er det «berre» å søke om vidare bit-for-bit utbygging av området?

Vidare står det at det i **Prosessområde og avlaupsanlegg BKB2 (kombinert bebyggelse og anleggsformål)** skal :

*«det plasserast anlegg (sedimenterings-basseng mm) for handsaming av overvatn frå dagbrotet, gruva og eventuelt frå gråbergdeponiet. Maksimal grad av utnytting er %-BYA=80%. Området kan elles nyttast i samsvar med reglane for prosessområdet BKB1. Søknad om tiltak skal omfatte plan for istandsetjing og beplantning av uteareala. Istandsetjing og tilplantning skal vere gjennomført seinast to år etter at anlegga er tekne i bruk.»*

Det står også at:

*«6.1 Hamneområde i sjø, VHS Området kan, i samsvar med pkt. 7.3 nedom, nyttast til fylling under vatn ved oppbygging av landarealet i BAA2. Undersøking av botnforhold skal ligge føre før vedtak av denne reguleringsplanen.»*

Men området det søkjast om ligg mest utanfor området BKB1 og ikkje BKB2, som ikkje er med i detaljreguleringsplanen i det heile.

## Tiltaksplan for vibrasjonar frå sprenging

I detaljreguleringa står det også at:

«Tiltak for sikring mot vibrasjonar frå sprenging skal være gjennomført før drifta vert sett i gang»

### 0.1.2 Tilstandsregistrering av bygg og anlegg utafor planområdet

1. Før det vert gjeve rammeløyve for byggjetiltaka skal det liggje føre dokumentasjon for: - Tilstandsvurdering av eksisterande bygnings og anleggstilstand i nærområdet til Engebøfjellet. – Tiltaksplan mot vibrasjonar frå sprenginga

2. Tiltak for sikring mot vibrasjonar frå sprenging skal vere gjennomførde før drifta vert sett i gang , og 2 år etter igangsetting skal tilstand på bygningar og anlegg kontrollerast.»

Kvifor føreligg det inga tiltaksplan for vibrasjonar frå sprenging?

## Utlitstrekkeleg om naturverdiar

Økologien er kartlagt ved fleire lokasjonar i området som det er søkt om utfylling og det er gjort grunnundersøkingar. FNF stiller seg kritiske til at desse undersøkingane er utlitstrekkelege for det føremålet som NM har med denne søknaden om permanent utfylling. Kartlegging av mobile artar må bli gjort på ulike tidspunkt og over lengre tid, for å få eit godt overblikk på tilstedeværelse og tilstand. Grunne områder fra littoralsonen og ned til ca. 10 m dyp er viktige oppvekstområder for marin fisk, inkludert torsk<sup>2</sup>. Fjorden det skal gjerast tiltak i, er også nasjonal laksefjord. Dette er naturverdiar som er av stor betydning i området og som ein burde ta høgde for kvar gong ein får søknad om å bygge ut strandsona og fylle ut i fjorden. FNF Sfj ber om at det blir gjort betre kartleggingar og konsekvensutredningar for artsmangfaldet i fjæra, grunn sjø og djup sjø som vil kunne bli påverka av sprenginga og planeringa som er planlagt *før* ein gjer tiltak.

### Arealendringar største trussel for biologisk mangfald

Arealendringar er og forblir den største trusselen mot biologisk mangfald i dag – og vi har eit nasjonalt ansvar for å ta vare på meir natur både på land og i sjøen. Og vi meina Førdefjorden er eit viktig areal i sjø å ta vare på, *før* ein treng å tenke på å måtte restaurere den.

Fjordane i Norge, Førdefjorden inkludert, er ofte bratte og djupe – organismar som lever her er enten tilpassa livet på djupna, i vassøyla eller på grunna i fjæra og strandsona. Mange artar har tilpassa seg forskjellige habitat i forskjellige livssyklusar – som for eksempel kysttorsken – som jo ein skal ta spesielt omsyn til då det er gytetfelt for torsk ute i Førdefjorden.

Dette tiltaket i sjø, saman med det førre tiltaket med utfylling i sjø vil forringe viktig areal i Førdefjorden som ligg nærme land, i strandsona eller fjæra om du vil. Her lev artar som treng meir sollys enn artar som lev på djupna, og blautdyrfauna og tang og tare vil miste habitat som resultat av sprenging, utfylling og mudring av området.

## Organismar treng riktig type(!) habitat

I fjordøkosystem som Førdefjorden, der fjorden ofte er djup (ned mot 200-300 m) er alt av grunner, gjerne langs strandsona veldig viktige oppvekstmiljø for fiskeyngel og habitat som blautbotnsfauna, som lever på overflaten av leire-, mudder- og sandbotn eller graver i desse. Desse artane er stasjonære arter og mister dei habitatet sitt er det ikkje mogleg for dei å flytte seg.

I 2013 vart det gjort observasjonar om berggyllt som trenger desse grunnare habitata i strandsona/fjæra og det vart funne småtorsk (Sweco, 2023)! Dette er eit veldig viktig funn. Gytefeltet for torsk ligg ute i fjorden, men torskeyngelen og småtorsken treng, som anna fiskeyngel, stadar i fjorden der dei kan vere trygge frå rovdyr – det er i tang- og tareskogane og i strandsona dei finn mat og kan leve tryggare mellom tang- og tare vs. Å symje rundt i dei frie vannmassane i fjorden – der dei er ei lett matkjede for fugl og anna fisk.

Torsken er ein art som gjerne lever av både blautdyr og krabber – artar ein finn langs strandsona, langs fjordveggen og på botnen. Derfor er det viktig med slike areal i fjordsystema som ikkje ligg for djupt! Og forringelse av slike habitat vil ta lang tid å bygge opp igjen, om det i ettertid vil vere lite nok forstyrrest til at det kjem organismar tilbake.

## Raudlista artar

I søknaden, skriv Nordic Rutil AS at «Det er gjennomført dykkarundersøking på tre lokalitetar rundt tiltaksområdet. Videoane tekne med ROV syner typisk og forventa botnflora på botnen der fyllinga skal etablerast. Det vart ikkje avdekkja framande art eller raudelista artar. Overflatesedimenta er dominert av sand, grus og stein».

FNF vil minne på at artar i marine økosystem kan vere stadfeste, men at organismar som lever i vassøyla er mobile artar og det krevst lange og gjentakande kartleggingar for å vite om desse finst i eit område. Det ser vi ikkje er gjort her. Fisk og andre mobile artar som lever i strandsona vil vere veldig var på alt av bevegelsar, lyd og vibrasjonar – og vil nok allereie halde seg unna området rundt det pågåande arbeidet på Engebø. Derfor meina FNF at dei undersøkingane som blir gjort no, ikkje er gode nok til å kunne gje eit godt blick på kva som finst og skal vere av biologisk mangfald i dette området. Slike undersøkingar burde vert gjort – tilstrekkeleg lenge før arbeidet kom i gong.

Dessutan føreligg det no heilt ny informasjon om at "deponiområdet" i Førdefjorden er enno rikare enn framkomme før, faktisk det økologisk rikaste på vestlandet, med enno fleire raudlisteartar og genetisk stadeigne artar. Dette viser at fjorden er rikare og at miljøskadene kan verte større enn det som er lagt til grunn i tidlegare vedtak. Sjå Havforskningsinstituttet sin rapport frå juni 2023.

Eit anna poeng er at det generelle biologiske mangfaldet i Førdefjorden er også eit viktig grunnlag for dei meir sjeldne og sårbare raudlisteartane. Ein organisme i ein fjord har eigenverdi, men lev dårleg åleine og isolert i eit avgrensa område. Organismar i fjorden, raudlisteartar inkludert, er tilpassa eit miljø og lev av andre organismar som også er tilpassa sitt miljø. Desse organismane kan leve saman i eit habitat og likevel ha heilt ulike utviklingssteg, matvanar, bevegelses mønstre og behov. Det er mangfaldet av organismar og overlevingsstrategiar som gjer eit økosystem sterkt og levande. Og det er ofte spesialistane og dei «sære» artane som først får problem når dei mister habitat å leve i eller mat å leve av – og dei er ofte indikator på om økosystemet ein stad er av god kvalitet eller ikkje.

Funn av raudlisteartar fortel oss meir om livet ein stad enn funnet av sjølve organismen. Den har eigenverdi, men funn av raudlisteartar betyr at her finst alle variablane ein slik art trenger for å leve – og det finst ikkje overalt -det er derfor den har hamna på raudlista.

Det betyr at for å ta vare på den raudlista arten så må ein ta vare på heile økosystemet. Då bli alt av arealendringar ekstremt viktig då tap av areal og kvalitet på økosystemet vil påverke direkte dei artane som lev i området, inkludert dei raudlista artane.

### Sprenging og mudring

FNF meinaa søknaden ikkje gir eit godt nok bilete på kor stort areal som vil bli påverka av sprenginga og mudringa ettersom dei skriv i søknaden at «*Overskotsmasser (frå spregninga) vil rakast ut til sida av planert område*»

Det vil i praksis bety at det faktiske arealet som blir påverka / øydelagt er større enn planområdet beskrive i søknaden på 18 x 12 m.

I ein eigen søknad om mudring ser vi at det er snakk om ganske store mengder stein, 1300m<sup>2</sup> som tilsvara 3650 tonn med massar, som då skal «rakast ut til sida» utan at det er spesifisert korleis det vil sjå ut.

Det står og i søknaden at «*ein planlegg salvene slik at så mykje stein som mogleg blir skote innover i gropa. (...)Ein må rekne med at noko stein kan forsvinne ned mot djupet i forbindelse sprenging og massehandtering.*»

«Det skal nyttast om lag 1000 kilo sprengstoff. Saman med ansvarleg totalentreprenør og underentreprenør skal det utarbeidast ein gjennomføringsplan med fokus på å skåne fjordmiljøet (fokus på lyd og partiklar). Dette inkludera å optimalisere tenningsplanen (lang tidsforsinkelse, få detonasjonar per tenning, låg einheitsladning osv). «

FNF saknar forklaring på korleis dette i praksis skal skåne fjordmiljøet. FNF stiller også spørsmål ved mangelen på ein gjennomføringsplan. Det står i søknaden at dei vil komme med ein gjennomføringsplan – bør ikkje då ein slik plan vere del av søknaden?

Videre ser vi at konsekvensane for torskefisk i fjorden er anerkjend i søknaden frå Nordic Rutile. FNF lurar då på kva som skal til for at desse konsekvensane for den viktige kystttoskefisk – i tillegg til tap av habitat – skal vere verdifullt nok til å bli tatt til følge.

«Undervasssprenging kan føre til direkte organskader på nærlevande fisk men også på fiskeegg. Torskefisk med lukka svømmeblære er meir utsett for trykkskader enn for eksempel laksefisk. Tiltaket vil gjennomførast før den venta gytesesongen for torsk, og sprenginga skal foregå minst 1.25 km frå næraste markerte gyteplass. I tillegg vil ein odde som stikk ut i sjøen (sjå Del A, boks b) kunne ta unna noko av trykket innover mot Redalsvika.»

Det er og lagt lite vekt på at lyd og vibrasjonar i vatn rekker langt utover det faktiske området som fysisk bli påverka.



## Sedimentforureining i fjorden

Det har desverre allerie vore svært dårleg erfaring med forureining i fjorden av steinutfyllinga og mykje overflatevatn når det regnar i Engebøbukta. Steinstøv, plast m.m. har gått i svære striper i fjorden, frå i fjor haust og framleis, som dokumentert av Naturvernforbundet Sogn og Fjordane og sendt til Sunnfjord Kommune.

Det er bra det ikkje skal fyllast ut 01.01-30.05., men partikkelforureining reduserer kvalitetane i fjorden og kan komme på gyteplassen før den tid, det er nokre hundre meter dit.

Siltgardin har allereie vist seg utilstrekkeleg som avbøtande tiltak for anleggsarbeidet Nordic Rutile / Nordic Mining forestår på Engebø. Dette var kjent i mediaoppslag allereie før Statsforvaltaren gav godkjenning for tiltaket, jfr Fiskeribladet og Firda. Det har vore og er særleg ved nedbør, det vi betraktar som betydeleg partikkelforureining i fjorden. Siltgardina har berre forseinka partiklane for ei stund i å blande seg i fjordvatnet, men hindrar ikkje at partikkelforureininga kjem i fjordmiljøet, verken av steinstøv, kjemikalar eller betydelege mengder plast / mikroplast.

Det er dermed mykje som tyder på at forureining av kjemikalar, steinstøv og mikroplast også finn vegen til gytefelta på Redalsvikane som ligg nokre hunder meter austafør. Som Fiskeridirektoratet påpeikar i si høyringsfråsegn, fungerer dessutan også heile fjordbassenget framfor Engebø som del av gyte- og oppvekstfeltet.

## Konklusjon

Det pågår ein nasjonalt prinsipiell rettsprosess vedrørande om løyvet til utslepp av gruveavfall til Førdefjorden er lovleg og gyldig, m.a. opp mot Vassdirektivet og avfallshandlingsdirektivet.

Vi meiner Statsforvaltaren ikkje skal handsame denne søknaden om tiltak, som nettopp gjeld å bygge anlegg for utslepp til Førdefjorden, før den pågåande, demokratiske rettsprosessen avklarar om tiltaket det her vert søkt om er gyldig.

Vi meiner dertil at naturverdiane og miljøkonsekvensane er for lite utgreidde til å handsame søknaden. Dersom Statsforvaltaren likevel handsamar tiltakssøknaden, ber om vi om utsett oppstart / verknad av søknaden, til rettsprosessen vedr lovlegheit av vedtaket er avklart og saka er fullt utgreia i tråd med miljølovverket, samt også med Naturavtalen som Norge har slutta seg til i des 2022.

Vi vil også påpeike at gytetorsk trekke til Redalsvikane frå i desember og utover vinteren. Det omsøkte tiltaket har potensiale til å forureine og skadeleg påverke livet i fjorden i lang tid framover.

Som vi påpeikte i vårt fråsegn til førre sak frå Engebø; Eit slikt inngrep kan sjå lite ut ved sidan av det svære sjødeponiet som er planlagt i fjorden utanfor det området som denne søknaden gjeld, men vi ser også at om vi ikkje tar inn over oss at det er mange faktorar som blir påverka og mykje bit-for-bit inngrep som skjer i Vevring no som vil påverke økologien i Førdefjorden, i ein nasjonal laksefjord, så vil vi ende opp med eit fattigare naturmiljø. Denne søknaden må derfor sjåast i samheng med reguleringsplanen til Engebø, dei andre tiltaka det er søkt om og planane om deponi i Førdefjorden, og vurderast deretter, etter dei reglar og løyve som føreligg.

Dette er nok eit tiltak, som i tillegg til førre godkjenning av utfylling i sjø og planlagt deponi i fjorden, vil samla gje dårlegare økologisk tilstand i fjorden, ved tap av viktig habitat for artar som allmenninga

er oppteken av å bevare i Førdefjorden. Det vil på sikt kunne bety ein fattigare fjord, som igjen vil gje dårlegare buforhald for dei som bur langs- og fiskar i fjorden, dårlegare utsikter for rikt reiseliv og friluftslivet langs fjorden.

Derfor ynskjer vi at Statsforvaltaren ser denne sprenginga og utfyllinga i samanheng med dei andre inngrepa som blir gjort i Vevring kring utbygging av mineralindustri og stoppe unødige tiltak der dei kan stoppast. Ein må bruke føre-var-prinsippet og vere restriktive i naturinngrep, jfr ikkje minst Naturavtalen som krev ei ny haldning til naturforvaltning, med restaurering av øydelagt og skadd natur og ivaretaking av intakt natur for framtida. Her dreiar det seg om eit område i Førdefjorden som Havforskningsinstituttet dokumenterer som det økologisk rikaste på strekninga Karmøy-Stadt, jfr deira rapport av juni 2023.

Venleg helsing

**Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane**

*Ket Fossen*

---

Ket Fossen  
Koordinator  
FNF Sogn og Fjordane

## Kjeldeliste:

Restaurering natur

<https://www.sabima.no/ressursbehovet-for-restaurering-av-natur-i-norge/>

Utfylling i sjø er forbod

<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/vann-hav-og-kyst/mudre-dumpe-utfylling/>

Utbygging i strandsone

<https://eiendomsrettadvokater.no/bygge-i-strandsonen>

Sweco sin kartleggingsrapport frå Førdefjorden:

[https://www.statsforvalteren.no/contentassets/1b2c451b176a4dd299da7f0e84f15337/no-1\\_sweco-2023\\_notat---vurdering-av-forurensning-ved-engebo.pdf](https://www.statsforvalteren.no/contentassets/1b2c451b176a4dd299da7f0e84f15337/no-1_sweco-2023_notat---vurdering-av-forurensning-ved-engebo.pdf)

Fjordsøksmålet:

<https://fjordsoksmålet.no/dokumenter/>

Artikkel e24 om aksjehandelen til Sindre Finnes og Solbrenns habilitet til Nordic Mining:

[https://e24.no/norsk-oekonomi/i/9z4gLW/slik-handlet-sindre-finnes-rundt-problemsakene-til-solberg?fbclid=IwAR30\\_Het7gerLXhLO-8OGUpnxaAN9DxtvTehe3PTdumHqj-E5guuxlz0tZU](https://e24.no/norsk-oekonomi/i/9z4gLW/slik-handlet-sindre-finnes-rundt-problemsakene-til-solberg?fbclid=IwAR30_Het7gerLXhLO-8OGUpnxaAN9DxtvTehe3PTdumHqj-E5guuxlz0tZU)

Havforskningsinstituttet sitt innspel til overvåking:

<https://www.hi.no/resources/publikasjoner/2021-19-00297-7-Innspill-til-planlagt-overvakning-i-Fordefjorden-Rapport-05102021-sendt.pdf>

NRK-artikkel om raudlistearter funne av Havforskningsinstituttet:

<https://www.hi.no/hi/nyheter/2023/juni/har-dokumentert-raudlista-arter-i-fordefjorden>